# IMDi Vest

# Resultat og fakta om integreringsarbeid i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

# 2013



Statsborgerseremoni, Sogn og Fjordane 2012. Foto:Oskar Andersen.

# Innhald

Innhald ........ 1

1. Strategiske prioriteringar i IMDi ........ 3

2. Busetting ........ 4

   Oppmoding, vedtak og faktisk busetting i region Vest i 2013 ........ 4

   Tal på busette flyktningar i Rogaland i 2013 ........ 5

   Tal på busette flyktningar i Hordaland i 2013 ........ 6

   Tal på busette flyktningar i Sogn og Fjordane i 2013 ........ 7

   Busetting av einslege mindreårige i region Vest i 2013 ........ 8

   Oppmoding og vedtak om busettingar i region Vest i 2014 ........ 9

   Oppmoding om busetting 2014 – 2016 i region Vest ........ 10

3. Innvandrarbefolkninga i region Vest ........ 13

   Innvandrarbefolkninga i kommunar i Rogaland i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013 ........ 13

   Innvandrarbefolkninga i kommunar i Hordaland i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013 ........ 14

   Innvandrarbefolkninga i kommunar i Sogn og Fjordane i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013 ........ 15

4. Tilskot til kommunane i region Vest i 2013 ........ 16

   Integreringstilskot ........ 16

   Tilskot til busetting av personar med alvorlege, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar ........ 18

   Norsktilskot ........ 19

5. Kvalifisering og arbeid ........ 20

   Introduksjonsordninga ........ 20

   Kommunale utviklingsmidlar (KUM) ........ 22

   Ny Sjanse og Jobbsjansen 2013 ........ 23

   Arbeidsløyse ........ 24

6. Minoritetsrådgivarar ........ 25

7. Frivillig innsats ........ 26

   Tilskot til frivillig arbeid i lokalsamfunn i region Vest ........ 26

   Tilskot til informasjon og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar i 2013 ........ 27

8. Statsborgarskapsseremoniar ........ 29



Faktapublikasjonen for 2013 gir kommunane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ei oversikt over status og resultat på ein del av dei områda kor IMDi samarbeider med kommunane. Her har vi samla fakta om mellom anna busetting, introduksjonsordning, jobbsjansen og frivillig sektor på kommune- og fylkesnivå.

Ved utgangen av juli 2014 venta bortimot 5 000 personar med flyktningebakgrunn på busetting i ein kommune. Av desse venta meir enn 800 personar på å bli busett i region Vest. Det er ei formidabel utfordring for kommunane å busette så mange menneske. Det er likevel ei utfordring som må løysast. Kommunane må få tak i fleire bustader til flyktningar og styrke norskopplæringa og kvalifiseringa. Vi oppmodar kommunane til å løyse dette ved å legge til rette for langsiktig og målretta planlegging og ei jamn busetting gjennom året.

Introduksjonsordninga er 10 år i 2014. Ordninga er det viktigste verkemiddelet ein har for å gjere nyankomne flyktningar betre i stand til å ta arbeid og utdanning, og bidra til at dei blir økonomisk sjølvstendige. Stadig fleire flyktningar tek del i introduksjonsordninga og mange kommunar oppnår allereie dei ambisiøse måla for ordninga. Gjennom det gode samarbeidet mellom kommunane og IMDi har vi håp om å bidra til at enno fleire flyktningar får like moglegheiter og levekåra i åra som kjem.

Vi oppmodar alle som er opptekne av integrering til å følgje med på våre nettsider www.imdi.no. Der fins meir informasjon om aktivitetar, seminar, tilskotsordningar, regelverk og alt som inngår i IMDi si oppgåveportefølje.

Vi har håp om at kommunane i regionen kan bruke faktapublikasjonen både til å hente inspirasjon frå andre kommunar og å finne forbetringsområder i sitt eige integreringsarbeid.

God lesing!

Ohene Aboagye

Regiondirektør IMDi Vest

Dersom det er spørsmål, kommentarar eller innspel til innhaldet i denne publikasjonen, kan vi kontaktast via e-post til nyi@idi.no

# 1. Strategiske prioriteringar i IMDi

IMDi har tre strategiske prioriteringar:

- Samarbeid med kommunane
- Samarbeid med sektorstyresmaktene
- Utvikling av IMDi som kompetansesenter

IMDi skal utvikle seg vidare som eit kompetent, profesjonelt fagorgan og ein etterspurt samarbeidspartnar for kommunane og statlege sektorstyresmakter.

**Kommunane**
Kommunane er IMDi sine viktigaste samarbeidspartnarar. Det er i kommunane innvandrarane bur, går på skule, arbeider og deltek i samfunnslivet for øvrig. IMDi skal styrke kommunane sitt arbeid med busetting og kvalifisering av flyktningar og familiesameinte, samt utvikling av tenester for ei mangfaldig befolkning.

**Sektorstyresmaktene**
IMDi skal bidra til at andre statlege sektorstyresmakter oppnår måla sine. IMDi skal også bidra til å fremje samarbeidet mellom ulike statlege sektorstyresmakter, slik at innsatsen overfor kommunane i arbeidet med integrering og mangfald blir meir koordinert.

**Kompetansesenter**
Som kompetansesenter skal IMDi arbeide heilskapleg og systematisk for å auke kunnskapen om integrering og mangfald. Gjennom systematisk innhentig av kunnskap om innvandrarar skal IMDi gje faglege innspel til og vere premissleverandør for regjeringa si utvikling av integrerings- og mangfaldspolitikken. IMDi skal formidle kunnskap om integrering og mangfald og gjere den kjent og lett tilgjengeleg for direktoratets viktigaste samarbeidspartnarar og innbyggjarane elles.

# 2. Busetting

## Oppmoding, vedtak og faktisk busetting i region Vest i 2013

Busettingsbehovet for region Vest i 2013 var 1 600 personar. Kommunane vedtok å busette til saman 1 217 flyktningar. Det faktiske talet på flyktningar som blei busett i vår region, var 1 178.

| | Oppmoding | Vedtak | Busette* |
|---|---|---|---|
| **Rogaland** | 945 | 483 | 450 |
| **Hordaland** | 1040 | 542 | 544 |
| **Sogn og Fjordane** | 440 | 192 | 184 |

*Tala er henta frå datasystem for utlendings- og flyktningsaker (DUF). Tala syner personar busett i kalendaråret 2013 uavhengig av kva årskvote dei blei busett på. Tala inkluderer ikkje eventuelt skjerma personar eller eventuelle familiesameinte busett på flyktningkvoten. Tala kan difor avvike noko frå kommunane sine eigne data.




Oppmoding Vedtak Busette

## Tal på busette flyktningar i Rogaland i 2013

Ved utgangen av 2013 budde det 452 159 personar i Rogaland. Det vart busett 450 flyktningar fordelt på 19 kommunar i fylket i 2013. Oversikten syner kor mange flyktningar som vart busett i kommunane i Rogaland i 2013.



## Tal på busette flyktningar i Hordaland i 2013

Ved utgangen av 2013 budde det 489 135 personar i Hordaland. Det vart busett 544 flyktningar fordelt på 22 kommunar i fylket i 2013. Oversikten syner kor mange flyktningar som vart busett i kommunar i Hordaland i 2013.



## Tal på busette flyktningar i Sogn og Fjordane i 2013

Ved utgangen av 2013 budde det 108 700 personar i Sogn og Fjordane. Det vart busett 184 flyktningar fordelt på 12 kommunar i fylket i 2013. Oversikten syner kor mange flyktningar som vart busett i kommunane i Sogn og Fjordane i 2013.



# Busetting av einslege mindreårige i region Vest i 2013

I 2013 vart det busett i alt 421 einslege mindreårige i Noreg. Av desse var 76 personar under 15 år. I region Vest vart det same år busett 58 einslege mindreårige.

Personar under 15 år vert busett av Bufetat. Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald til busetting var 2,5 månader for dei som vart busett av IMDi, og på 3,9 månader for dei som vart busett av Bufetat.

Fylkesvis fordeling av busette einslege mindreårige i region Vest 2013:

| Fylke: | | Busettings-kommunar |
|---|---|---|
| **Rogaland**<br>Tal på busette: 22 |  | **Eigersund, Randaberg, Sandnes, Stavanger, Time** |
| **Hordaland**<br>Tal på busette: 32 |  | **Bergen, Kvinnherad, Ullensvang; Voss, Odda** |
| **S&F**<br>Tal på busette: 4 |  | **Førde, Gloppen, Høyanger** |

## Oppmoding og vedtak om busettingar i region Vest i 2014

Det er behov for å busette 2 164 flyktningar i region vest i 2014. Kommunane i regionen hadde per utgangen av juni vedteke å busette til saman 1 476 flyktningar.

| | Oppmoding | Vedtak |
|---|---|---|
| **Rogaland** | 822 | 545 |
| **Hordaland** | 936 | 679 |
| **S&F** | 406 | 252 |



## Oppmoding om busetting 2014 – 2016 i region Vest

IMDi oppmodar norske kommunar om å busette til saman 10 000 flyktningar i 2014, og 9 000 for kvart år i 2015 og 2016. For fylka i region Vest er oppmodingstala 2 164 personar i 2014, 2 028 i 2015 og 2 033 i 2016.

***Rogaland****: Tal på oppmoding fordelt på kommune i perioden 2014 – 2016*

| Kommune | Oppmoding 2014 | Oppmoding 2015 og 2016 |
|---|---|---|
| Eigersund | 35 | 70 |
| Sandnes | 70 | 140 |
| Stavanger | 120 | 240 |
| Haugesund | 60 | 120 |
| Sokndal | 10 | 20 |
| Lund | 25 | 40 |
| Bjerkreim | 10 | 20 |
| Hå | 35 | 60 |
| Klepp | 35 | 70 |
| Time | 35 | 70 |
| Gjesdal | 30 | 60 |
| Sola | 40 | 70 |
| Randaberg | 30 | 60 |
| Forsand | 8 | 12 |
| Strand | 30 | 65 |
| Hjelmeland | 25 | 40 |
| Suldal | 25 | 40 |
| Sauda | 25 | 40 |
| Finnøy | 10 | 20 |
| Rennesøy | 25 | 40 |
| Kvitsøy | 8 | 12 |
| Bokn | 8 | 12 |
| Tysvær | 30 | 60 |
| Karmøy | 60 | 120 |
| Utsira | 8 | 12 |
| Vindafjord | 25 | 40 |
| **Sum Rogaland** | **822** | **1553** |

***Hordaland****: Tal på oppmoding fordelt på kommune i perioden 2014 – 2016*

| **Kommune** | **Oppmoding 2014** | **Oppmoding 2015 og 2016** |
|---|---|---|
| Bergen | 350 | 700 |
| Etne | 10 | 20 |
| Sveio | 20 | 30 |
| Bømlo | 30 | 60 |
| Stord | 35 | 70 |
| Fitjar | 10 | 20 |
| Tysnes | 10 | 20 |
| Kvinnherad | 25 | 20 |
| Jondal | 10 | 20 |
| Odda | 20 | 40 |
| Ullensvang | 20 | 40 |
| Eidfjord | 10 | 20 |
| Ulvik | 10 | 20 |
| Granvin | 10 | 20 |
| Voss | 30 | 60 |
| Kvam | 20 | 40 |
| Fusa | 10 | 20 |
| Samnanger | 15 | 20 |
| Os | 25 | 20 |
| Austevoll | 10 | 20 |
| Sund | 15 | 30 |
| Fjell | 40 | 80 |
| Askøy | 40 | 80 |
| Vaksdal | 15 | 30 |
| Modalen | 8 | 12 |
| Osterøy | 15 | 30 |
| Meland | 25 | 40 |
| Øygarden | 20 | 40 |
| Radøy | 20 | 30 |
| Lindås | 25 | 40 |
| Austrheim | 15 | 20 |
| Fedje | 8 | 12 |
| Masfjorden | 10 | 20 |
| **Sum Hordaland** | **936** | **1794** |

***Sogn og Fjordane****: Tal på oppmoding fordelt på kommune i perioden 2014 – 2016*

| **Kommune** | **Oppmoding 2014** | **Oppmoding 2015 og 2016** |
|---|---|---|
| Flora | 35 | 70 |
| Gulen | 10 | 20 |
| Solund | 8 | 12 |
| Hyllestad | 10 | 20 |
| Høyanger | 20 | 30 |
| Vik | 15 | 20 |
| Balestrand | 10 | 20 |
| Leikanger | 10 | 20 |
| Sogndal | 30 | 60 |
| Aurland | 10 | 0 |
| Lærdal | 10 | 20 |
| Årdal | 15 | 20 |
| Luster | 15 | 20 |
| Askvoll | 10 | 20 |
| Fjaler | 10 | 20 |
| Gaular | 10 | 20 |
| Jølster | 15 | 20 |
| Førde | 35 | 70 |
| Naustdal | 10 | 20 |
| Bremanger | 15 | 30 |
| Vågsøy | 10 | 20 |
| Selje | 10 | 20 |
| Eid | 30 | 60 |
| Hornindal | 8 | 12 |
| Gloppen | 20 | 30 |
| Stryn | 25 | 40 |
| **Sum Sogn og Fjordane** | **406** | **714** |

# 3. Innvandrarbefolkninga i region Vest

## Innvandrarbefolkninga[1] i kommunar i Rogaland i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013

| Kommune | Folketal | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigersund | 14 636 | 1 545 | 918 | 627 | 11 % | 6 % | 4 % |
| Sandnes | 70 046 | 12 425 | 7 036 | 5 389 | 18 % | 10 % | 8 % |
| Stavanger | 129 191 | 26 054 | 13 963 | 12 091 | 20 % | 11 % | 9 % |
| Haugesund | 35 753 | 5 356 | 3 432 | 1 924 | 15 % | 10 % | 5 % |
| Sokndal | 3 286 | 147 | 93 | 54 | 4 % | 3 % | 2 % |
| Lund | 3 173 | 258 | 129 | 129 | 8 % | 4 % | 4 % |
| Bjerkreim | 2 779 | 235 | 187 | 48 | 8 % | 7 % | 2 % |
| Hå | 17 635 | 2 275 | 1 626 | 649 | 13 % | 9 % | 4 % |
| Klepp | 18 227 | 2 193 | 1 562 | 631 | 12 % | 9 % | 3 % |
| Time | 17 437 | 1 734 | 1 134 | 600 | 10 % | 7 % | 3 % |
| Gjesdal | 11 039 | 1 242 | 954 | 288 | 11 % | 9 % | 3 % |
| Sola | 24 579 | 3 949 | 2 490 | 1 459 | 16 % | 10 % | 6 % |
| Randaberg | 10 397 | 1 071 | 753 | 318 | 10 % | 7 % | 3 % |
| Forsand | 1 227 | 103 | 85 | 18 | 8 % | 7 % | 1 % |
| Strand | 11 882 | 1 067 | 625 | 442 | 9 % | 5 % | 4 % |
| Hjelmeland | 2 799 | 449 | 311 | 138 | 16 % | 11 % | 5 % |
| Suldal | 3 872 | 341 | 257 | 84 | 9 % | 7 % | 2 % |
| Sauda | 4 745 | 316 | 181 | 135 | 7 % | 4 % | 3 % |
| Finnøy | 3 015 | 364 | 330 | 34 | 12 % | 11 % | 1 % |
| Rennesøy | 4 619 | 475 | 382 | 93 | 10 % | 8 % | 2 % |
| Kvitsøy | 528 | 45 | 35 | 10 | 9 % | 7 % | 2 % |
| Bokn | 865 | 75 | 60 | 15 | 9 % | 7 % | 2 % |
| Tysvær | 10 487 | 754 | 489 | 265 | 7 % | 5 % | 3 % |
| Karmøy | 41 118 | 3 521 | 2 287 | 1 234 | 9 % | 6 % | 3 % |
| Utsira | 209 | 18 | 8 | 10 | 9 % | 4 % | 5 % |
| Vindafjord | 8 615 | 955 | 797 | 158 | 11 % | 9 % | 2 % |
| **Rogaland** | **452 159** | **66 967** | **40 124** | **26 843** | **15 %** | **9 %** | **6 %** |
| **Norge** | **5 109 056** | **759 185** | **331 590** | **427 595** | **14,9 %** | **6,5 %** | **8,4 %** |

[1] Tal frå SSB. Innvandrarbefolkninga inkluderer innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Landgruppe 1: EU/EØS, USA, Canada, Australia, New Zealand. Landgruppe 2: Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, Europa utanom EU/EØS.

## Innvandrarbefolkninga[2] i kommunar i Hordaland i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013

| Kommune | Folketal | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergen | 267 950 | 38 789 | 19 795 | 18 994 | 14 % | 7 % | 7 % |
| Etne | 4 040 | 368 | 335 | 33 | 9 % | 8 % | 1 % |
| Sveio | 5 400 | 447 | 338 | 109 | 8 % | 6 % | 2 % |
| Bømlo | 11 638 | 1 093 | 642 | 451 | 9 % | 6 % | 4 % |
| Stord | 18 161 | 1 733 | 994 | 739 | 10 % | 5 % | 4 % |
| Fitjar | 2 980 | 177 | 150 | 27 | 6 % | 5 % | 1 % |
| Tysnes | 2 736 | 195 | 166 | 29 | 7 % | 6 % | 1 % |
| Kvinnherad | 13 305 | 916 | 621 | 295 | 7 % | 5 % | 2 % |
| Jondal | 1 046 | 64 | 50 | 14 | 6 % | 5 % | 1 % |
| Odda | 6 988 | 605 | 395 | 210 | 9 % | 6 % | 3 % |
| Ullensvang | 3 403 | 330 | 192 | 138 | 10 % | 6 % | 4 % |
| Eidfjord | 952 | 103 | 82 | 21 | 11 % | 9 % | 2 % |
| Ulvik | 1 113 | 132 | 112 | 20 | 12 % | 10 % | 2 % |
| Granvin | 904 | 58 | 51 | 7 | 6 % | 6 % | 1 % |
| Voss | 14 061 | 880 | 518 | 362 | 6 % | 4 % | 3 % |
| Kvam | 8 584 | 874 | 589 | 285 | 10 % | 7 % | 3 % |
| Fusa | 3 818 | 240 | 192 | 48 | 6 % | 5 % | 1 % |
| Samnanger | 2 434 | 161 | 107 | 54 | 7 % | 4 % | 2 % |
| Os | 18 142 | 1 754 | 1 296 | 458 | 10 % | 7 % | 3 % |
| Austevoll | 4 838 | 491 | 417 | 74 | 10 % | 9 % | 2 % |
| Sund | 6 514 | 666 | 379 | 287 | 10 % | 6 % | 4 % |
| Fjell | 23 277 | 1 875 | 1 191 | 684 | 8 % | 5 % | 3 % |
| Askøy | 26 831 | 1 983 | 1 242 | 741 | 7 % | 5 % | 3 % |
| Vaksdal | 4 132 | 260 | 165 | 95 | 6 % | 4 % | 2 % |
| Modalen | 383 | 23 | 16 | 7 | 6 % | 4 % | 2 % |
| Osterøy | 7 674 | 572 | 476 | 96 | 7 % | 6 % | 1 % |
| Meland | 7 347 | 578 | 406 | 172 | 8 % | 6 % | 2 % |
| Øygarden | 4 563 | 393 | 229 | 164 | 9 % | 5 % | 4 % |
| Radøy | 5 003 | 476 | 383 | 93 | 10 % | 8 % | 2 % |
| Lindås | 14 820 | 1 055 | 742 | 313 | 7 % | 5 % | 2 % |
| Austrheim | 2 833 | 359 | 288 | 71 | 13 % | 10 % | 3 % |
| Fedje | 569 | 31 | 25 | 6 | 5 % | 4 % | 1 % |
| Masfjorden | 1 696 | 55 | 41 | 14 | 3 % | 2 % | 1 % |
| **Hordaland** | **498 135** | **57 736** | **32 625** | **25 111** | **12 %** | **7 %** | **5 %** |
| **Norge** | **5 109 056** | **759 185** | **331 590** | **427 595** | **14,9 %** | **6,5 %** | **8,4 %** |

[2] Tal frå SSB. Innvandrarbefolkninga inkluderer innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Landgruppe 1: EU/EØS, USA, Canada, Australia, New Zealand. Landgruppe 2: Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, Europa utanom EU/EØS.

# Innvandrarbefolkninga[3] i kommunar i Sogn og Fjordane i absolutte tal og prosent av folketal, per 01.01.2013

| Kommune | Folketal | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 | Heile innvandrar-befolkninga | Land-gruppe 1 | Land-gruppe 2 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Flora | 11 697 | 1 324 | 683 | 641 | 11 % | 6 % | 5 % |
| Gulen | 2 305 | 186 | 156 | 30 | 8 % | 7 % | 1 % |
| Solund | 842 | 90 | 76 | 14 | 11 % | 9 % | 2 % |
| Hyllestad | 1 428 | 147 | 137 | 10 | 10 % | 10 % | 1 % |
| Høyanger | 4 222 | 322 | 181 | 141 | 8 % | 4 % | 3 % |
| Vik | 2 731 | 217 | 174 | 43 | 8 % | 6 % | 2 % |
| Balestrand | 1 337 | 217 | 161 | 56 | 16 % | 12 % | 4 % |
| Leikanger | 2 255 | 115 | 78 | 37 | 5 % | 3 % | 2 % |
| Sogndal | 7 477 | 625 | 377 | 248 | 8 % | 5 % | 3 % |
| Aurland | 1 714 | 134 | 120 | 14 | 8 % | 7 % | 1 % |
| Lærdal | 2 176 | 155 | 122 | 33 | 7 % | 6 % | 2 % |
| Årdal | 5 521 | 513 | 390 | 123 | 9 % | 7 % | 2 % |
| Luster | 5 041 | 302 | 240 | 62 | 6 % | 5 % | 1 % |
| Askvoll | 3 018 | 178 | 134 | 44 | 6 % | 4 % | 1 % |
| Fjaler | 2 871 | 355 | 202 | 153 | 12 % | 7 % | 5 % |
| Gaular | 2 923 | 202 | 188 | 14 | 7 % | 6 % | 0 % |
| Jølster | 3 078 | 238 | 138 | 100 | 8 % | 4 % | 3 % |
| Førde | 12 559 | 1 034 | 654 | 380 | 8 % | 5 % | 3 % |
| Naustdal | 2 713 | 128 | 108 | 20 | 5 % | 4 % | 1 % |
| Bremanger | 3 945 | 517 | 331 | 186 | 13 % | 8 % | 5 % |
| Vågsøy | 6 119 | 666 | 495 | 171 | 11 % | 8 % | 3 % |
| Selje | 2 789 | 152 | 110 | 42 | 5 % | 4 % | 2 % |
| Eid | 5 920 | 399 | 262 | 137 | 7 % | 4 % | 2 % |
| Hornindal | 1 238 | 78 | 65 | 13 | 6 % | 5 % | 1 % |
| Gloppen | 5 676 | 335 | 178 | 157 | 6 % | 3 % | 3 % |
| Stryn | 7 105 | 1 063 | 850 | 213 | 15 % | 12 % | 3 % |
| **Sogn og Fjordane** | **108 700** | **9 692** | **6 610** | **3 082** | **9 %** | **6 %** | **3 %** |
| **Norge** | **5 109 056** | **759 185** | **331 590** | **427 595** | **14,9 %** | **6,5 %** | **8,4 %** |

[3] Tal frå SSB. Innvandrarbefolkninga inkluderer innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Landgruppe 1: EU/EØS, USA, Canada, Australia, New Zealand. Landgruppe 2: Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania unntatt Australia og New Zealand, Europa utanom EU/EØS.

# 4. Tilskot til kommunane i region Vest i 2013

## Integreringstilskot

IMDi forvaltar i 2013 tilskot for nesten 7,2 milliardar kroner. Over 99 prosent av midlane vert kanalisert til kommunane. Det viktigaste tilskotet er integreringstilskotet. Tilskotet omfattar ordinært integreringstilskot år 1-5, barnehagetilskot, skuletilskot[4], eldretilskot, særskilt tilskot for einslege mindreårige, ekstratilskot for personar med funksjonshemmingar 1 og 2.

<table>
<tr><th colspan="3">Satsar for integreringstilskot i 2013</th></tr>
<tr><th>Integreringstilskot</th><th>Busettingsår</th><th>Sats</th></tr>
<tr><td rowspan="5"></td><td>År-1 (2013)</td><td>kr. 165 000 (vaksen)*<br>kr. 145 000 (born)*<br>kr. 215 000 (einsleg vaksen)<br>kr. 165 000 (einsleg mindreårig)</td></tr>
<tr><td>År-2 (2012)</td><td>kr. 166 800</td></tr>
<tr><td>År-3 (2011)</td><td>kr. 135 000</td></tr>
<tr><td>År-4 (2010)</td><td>kr. 80 000</td></tr>
<tr><td>År-5 (2009)</td><td>kr. 70 000</td></tr>
<tr><td colspan="2">Skuletilskot</td><td>kr. 11 400</td></tr>
<tr><td colspan="2">Barnehagetilskot</td><td>kr. 22 900 (eingongstilskot)</td></tr>
<tr><td colspan="2">Eldretilskot</td><td>kr. 147 600 (eingongstilskot)</td></tr>
<tr><td colspan="2">Særskilt tilskot einslege mindreårige</td><td>kr. 130 900</td></tr>
<tr><td colspan="2">Personar med kjente funksjonshemmingar</td><td>Tilskot 1: kr. 165 100 (eingongstilskot)<br>Tilskot 2: Inntil kr. 825 700 i inntil 5 år</td></tr>
</table>

**Personar vert rekna som vaksne frå og med det året dei fyller 18 år.*

[4] Skuletilskotet er avvikla i 2014.

### Rogaland – Utbetalt integreringstilskot fordelt på kommunar

Kommunane i Rogaland mottok i alt **kr 355 505 396** i integreringstilskot i 2013. Tilskota fordelte seg slik:

| Kommune | Tilskot 2013 | Kommune | Tilskot 2013 |
|---|---:|---|---:|
| Eigersund | 19 918 808 | Randaberg | 17 626 015 |
| Sandnes | 51 778 107 | Strand | 14 796 218 |
| Stavanger | 78 166 434 | Hjelmeland | 6 610 700 |
| Haugesund | 37 339 106 | Suldal | 7 625 100 |
| Lund | 5 595 900 | Sauda | 7 786 300 |
| Hå | 5 648 400 | Rennesøy | 4 952 100 |
| Klepp | 15 669 600 | Tysvær | 15 146 932 |
| Time | 13 925 833 | Karmøy | 29 783 843 |
| Gjesdal | 10 921 500 | Vindafjord | 8 735 000 |
| Sola | 12 214 500 | | |

### Hordaland – Utbetalt integreringstilskot fordelt på kommunar

Kommunane i Hordaland mottok i alt **kr 372 518 637** i integreringstilskot i 2013. Tilskota fordelte seg slik:

| Kommune | Tilskot 2013 | Kommune | Tilskot 2013 |
|---|---:|---|---:|
| Bergen | 265 346 741 | Kvam | 12 840 163 |
| Etne | 13 796 149 | Os | 9 656 000 |
| Sveio | 8 306 900 | Fjell | 14 013 033 |
| Bømlo | 14 579 900 | Askøy | 17 945 300 |
| Kvinnherad | 13 796 149 | Meland | 6 546 500 |
| Odda | 5 228 082 | Øygarden | 11 176 700 |
| Ullensvang | 9 180 100 | Radøy | 3 591 200 |
| Eidfjord | 794 300 | Lindås | 6 787 600 |
| Voss | 16 312 266 | Austrheim | 934 300 |

**Sogn og Fjordane – Utbetalt integreringstilskot fordelt på kommunar**

Kommunane i Sogn og Fjordane mottok i alt **kr 81 630 100** i integreringstilskot i 2013. Tilskota fordelte seg slik:

| Kommune | Tilskot 2013 | Kommune | Tilskot 2013 |
|---|---|---|---|
| Flora | 28 967 000 | Luster | 4 262 900 |
| Hyllestad | 1 260 800 | Jølster | 4 363 300 |
| Høyanger | 7 835 275 | Førde | 14 038 600 |
| Vik | 994 600 | Eid | 5 634 800 |
| Leikanger | 2 706 200 | Gloppen | 11 091 265 |
| Sogndal | 19 965 900 | Stryn | 13 474 600 |

## Tilskot til busetting av personar med alvorlege, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar

Dette tilskotet, som er ein del av integreringstilskotsordninga, dekkjer ekstraordinære kommunale utgifter som følgjer av busetting av flyktningar med ekstraordinære fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar, personar med valdeleg åtferd og rusproblem, alvorlege åtferdsproblem og liknande. I 2013 utbetalte IMDi Vest, på bakgrunn av søknader om tilskot, i underkant av 26 millionar kroner til 17 kommunar i heile regionen. Tilskota fordelte seg slik:

| Kommune | Tilskot 2013 | Kommune | Tilskot 2013 |
|---|---|---|---|
| Eigersund | 487 000 | Bergen | 2 215 300 |
| Sandnes | 1 493 000 | Bømlo | 320 000 |
| Stavanger | 5 327 700 | Odda | 675 900 |
| Haugesund | 3 037 700 | Kvam | 871 500 |
| Strand | 1 196 500 | Samnanger | 1 013 800 |
| Hjelmeland | 491 000 | Fjell | 1 039 600 |
| Suldal | 1 551 000 | Askøy | 379 500 |
| Tysvær | 2 459 500 | Meland | 521 300 |
| Karmøy | 2 392 700 | | |

## Norsktilskot

I 2013 mottok kommunane i Region Vest til saman **273 440 800 kr** i norsktilskot (grunntilskot, persontilskot, og tilskot til norskopplæring for asylsøkarar i mottak). Tabellen syner storleiken på tilskotet i kroner fordelt på kommune.

| Rogaland | |
|---|---|
| Eigersund | 3 946 100 |
| Sandnes | 21 605 400 |
| Stavanger | 31 794 400 |
| Sokndal | 1 250 000 |
| Lund | 3 457 500 |
| Bjerkreim | 748 900 |
| Hå | 5 775 500 |
| Klepp | 3 776 400 |
| Time | 4 138 700 |
| Gjesdal | 2 229 500 |
| Sola | 4 620 600 |
| Randaberg | 2 658 100 |
| Forsand | 637 100 |
| Strand | 6 161 500 |
| Hjelmeland | 1 416 700 |
| Suldal | 1 654 900 |
| Sauda | 1 655 300 |
| Finnøy | 803 100 |
| Rennesøy | 1 495 100 |
| Kvitsøy | 272 100 |
| Bokn | 602 100 |
| Tysvær | 2 557 200 |
| Karmøy | 6 848 600 |
| Utsira | 294 100 |
| Vindafjord | 2 182 700 |
| **Sum** | **112 581 600** |

| Hordaland | |
|---|---|
| Bergen | 61 803 800 |
| Etne | 781 500 |
| Sveio | 1 588 200 |
| Stord | 5 058 800 |
| Fitjar | 769 500 |
| Tysnes | 817 600 |
| Kvinnherad | 2 728 200 |
| Odda | 4 526 000 |
| Ullensvang | 3 480 600 |
| Eidfjord | 580 800 |
| Voss | 6 363 200 |
| Kvam | 3 039 200 |
| Samnanger | 759 500 |
| Os | 2 976 800 |
| Austevoll | 937 000 |
| Sund | 3 238 000 |
| Fjell | 3 363 700 |
| Askøy | 4 380 900 |
| Vaksdal | 1 702 600 |
| Modalen | 238 200 |
| Meland | 1 776 800 |
| Øygarden | 2 181 600 |
| Radøy | 1 418 500 |
| Lindås | 2 645 300 |
| Austrheim | 1 037 000 |
| Fedje | 175 000 |
| Masfjorden | 614 400 |
| **Sum** | **118 982 700** |

| Sogn og Fjordane | |
|---|---|
| Flora | 4 801 500 |
| Hyllestad | 206 400 |
| Høyanger | 1 302 000 |
| Vik | 568 200 |
| Balestrand | 815 000 |
| Leikanger | 891 600 |
| Sogndal | 7 297 500 |
| Luster | 846 400 |
| Askvoll | 818 700 |
| Fjaler | 936 500 |
| Gaular | 677 900 |
| Jølster | 4 380 100 |
| Førde | 6 282 500 |
| Bremanger | 5 562 800 |
| Selje | 956 500 |
| Eid | 1 454 200 |
| Gloppen | 1 971 300 |
| Stryn | 2 107 400 |
| **Sum** | **41 876 500** |

# 5. Kvalifisering og arbeid

## Introduksjonsordninga

Målet med introduksjonsordninga er å få deltakarane over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram. Tabellen under syner kor mange prosent av kursdeltakarane som gjekk direkte over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram i 2013.



Kommunar med færre enn 5 deltakarar som avslutta introduksjonsprogram i kommunen i 2013, er ikkje med i statistikken av personvernomsyn.

Ifølge rapportar frå Rambøll og FAFO heng gode resultat i introduksjonsordninga saman med at kommunen set konkrete mål for ordninga, arbeidsrettar tiltaka, og har godt samarbeid mellom dei aktørane som arbeider med deltakarane i introduksjonsprogrammet.

Figuren under syner fordeling av avslutningsårsaker for deltakarar i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane (samla):



## Kommunale utviklingsmidlar (KUM)

IMDi forvaltar regjeringa si nye tilskotsordning med utviklingsmidlar til kommunane for å styrke deira arbeid med opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Prosjekta skal bidra til at fleire går over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram. I statsbudsjettet for 2013 var det sett av 32 millionar kroner til kommunale utviklingsmidlar.

Følgjande kommunar/prosjekt i region Vest fekk tilsegn om midlar i 2013:

| Kommune | Sum tilskot 2013 | Prosjekt |
|---|---|---|
| **Sandnes** | 730 000 | **PAN- prosjekt arbeidsretta norsk-**Prosjektet skal auke talet på deltakarar som går over i arbeid, ved å utvikle metodikk, system og prosedyrar for å gjennomføre arbeidsrelatert norskopplæring for deltakarar med liten skulebakgrunn og langsam progresjon i norskopplæring. |
| **Stavanger** | 500 000 | **Frå klasseromserfaring til praksiserfaring** - Prosjektet skal involvere arbeidsgivarar og NAV i større grad enn tidlegare i opplæringa og i kvalifiseringsløpet. I tillegg gje bedrifter og deltakarar kunnskap og verkty som aukar moglegheitene for å lukkast. |
| **Haugesund** | 432 500 | **På veg -** Gjennom tett oppfølging av deltakarar og arbeidsgivarar skal ein auke talet på personar som kjem ut i arbeid. |
| **Time** | 660 000 | **Språkreise i Time** - Prosjektet skal auke talet på personar som kjem i arbeid eller utdanning etter fullført introduksjonsprogram frå 50 % (2012) til 70 % (2014). |
| **Karmøy** | 600 000 | **Aktiv I-** Prosjektet skal styrke integreringa og auke arbeidsmoglegheitene til flyktningar. |
| **Bergen** | 500 000 | **Språkpraksis for deltakarar i Intro -** Prosjektet vil auke kvaliteten på arbeidet som vert gjort i samband med opplæring knytt til språkpraksis, ved å betre samarbeidet mellom partane, og å kunne tilby fleire individuelt tilpassa plassar. |
| **Bergen** | 500 000 | **Morsmålsstøtta opplæring for spor 1** – Prosjektet vil bidra til å få på plass ein heilskapleg plan for morsmålsstøtta opplæring for spor 1- deltakarar (inkludert morsmålshjelpskurs) og utvikle eigne læremiddel. |
| **Bergen** | 720 000 | **Fleire kvinner i arbeid** - Målet med prosjektet er å få fleire kvinner med lite formalkompetanse og lite arbeidserfaring over i arbeid eller yrkesretta tiltak, samt å få meir kontinuitet for dei som er i permisjon frå programmet. |
| **Bømlo** | 250 000 | **Frå spor 1 til fast arbeid** – Prosjektet vil få fleire flyktningar med liten eller ingen skulebakgrunn raskare i fast arbeid. |
| **Voss** | 300 000 | **I jobb** – Målet med prosjektet er å styrke sjansen til den enkelte deltakaren på den lokale arbeidsmarknaden, og auke delen introdeltakarar som går ut i arbeid etter endt program. |
| **Voss** | 300 000 | **Innvandrarkvinner og mat** – Prosjektet vil auke yrkesdeltakinga blant kvinner med flyktning- og innvandrarbakgrunn gjennom å heve kompetansen deira innan lokal matproduksjon. |
| **Flora** | 500 000 | **Praksisretta opplæring til analfabetar** – Prosjektet skal bidra til å auke progresjonen på språkopplæringa for alfagruppa ved å nytte praksisretta tiltak og styrke tilknytinga til arbeidsmarknaden lokalt. |
| **SUM TOTAL** | **5 992 500** | |

## Ny Sjanse og Jobbsjansen 2013

**Ny sjanse - ei forsøksordning**
Formålet med ordninga var å prøve ut og dokumentere erfaringar med ulike metodar for å få innvandrarar over i arbeid eller utdanning. Sommaren 2013 vart Ny Sjanse erstatta av Jobbsjansen, som vart innført som ei permanent ordning.

**Jobbsjansen – ei permanent ordning**
Formålet med Jobbsjansen er å kvalifisere innvandrarar som ikkje har tilknyting til arbeidslivet, etter same modell som introduksjonsordninga. I statsbudsjettet for 2013 var det sett av 57 millionar kroner til Jobbsjansen og Ny sjanse.

Målgrupper for Jobbsjansen er alle innvandrarar mellom 18 – 55 år som ikkje har tilknyting til arbeidslivet, som har behov for grunnleggjande kvalifisering, og som ikkje vert omfatta av eksisterande ordningar.

Følgjande kommunar i region Vest fekk tilsegn i 2013:

| Kommune | Sum tilskot | Prosjekt |
|---|---|---|
| **Bergen** | 3 583 000 | Kvinner i jobb |
| **Florø** | 1 019 000 | Prosjektet helsefagarbeidar |
| **Kvinnherad** | 529 000 | Kvinner i arbeid |
| **Bømlo** | 524 000 | Prosjekt jobbsjansen |
| **Strand** | 100 000 | Jobbsjansen 2013 (for-prosjekt) |
| **Gjesdal** | 49 000 | Jobbsjansen (for-prosjekt) |
| **TOTALT** | **5 804 000** | |

**Resultat Jobbsjansen 2013**
Tabellen under syner talet på personar og prosentdel av deltakarane i Jobbsjanse-prosjekta som gjekk over i arbeid eller utdanning i løpet av 2013, i region Vest og i heile landet.

| | Deltakarar i programmet | Deltakarar som avslutta programmet | Deltakarar som gjekk over i arbeid eller utdanning | Prosentdel som gjekk over i arbeid eller utdanning |
|---|---|---|---|---|
| **Region Vest** | 77 | 21 | 13 | **62 %** |
| **Heile landet** | 943 | 261 | 157 | **60 %** |

## Arbeidsløyse

Den registrerte arbeidsløysa blant innvandrarbefolkninga i Noreg gjekk opp frå 6,0 prosent i 2012 til 6,5 prosent i 2013. I resten av befolkninga steig arbeidsløysa frå 1,7 prosent til 1,9 prosent i den same perioden.

Tabellen under syner arbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken i kvar gruppe:

| | Totalt | Befolkninga eksklusive innvandrarar | Innvandrarar i alt | Landgruppe 1 | Landgruppe 2 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Rogaland** | 1,9% | 1,3% | 5,0% | 4,4% | 5,9% |
| **Hordaland** | 2,0% | 1,5% | 5,3% | 4,3% | 7,0% |
| **Sogn og Fj.** | 1,8% | 1,3% | 5,3% | 4,4% | 7,4% |
| **Heile landet** | 2,5% | 1,9% | 6,5% | 4,9% | 8,4% |

Landgruppe 1: EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

Landgruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EFTA, Oseania utanom Australia og New Zealand.

I fylka i region Vest låg arbeidsløysa blant innvandrarbefolkninga mellom 5,0 og 5,3 prosent, noko som er monaleg mindre enn landsgjennomsnittet på 6,5 prosent. Rogaland har den minste arbeidsløysa blant innvandrarar i alt. Dersom ein skil mellom dei to kategoriane av landgrupper, har Hordaland lågast arbeidsløyse i landgruppe 1 og Rogaland lågast arbeidsløyse i landgruppe 2.

# 6. Minoritetsrådgivarar

Ordninga med minoritetsrådgivarar vart sett i gang i 2008 og vil bli vidareført ut 2016, i samsvar med Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og alvorlege avgrensingar av fridomen til unge 2013-2016. Minoritetsrådgivarane i IMDi tenestegjer ved utvalde skular som har ein stor del elevar med minoritetsbakgrunn.

Minoritetsrådgivarane i IMDi Vest tenestegjer ved Årstad videregående skole og Bergen Katedralskole i Bergen og Ullandhaug skole i Stavanger.

I tillegg til minoritetsrådgivarane har IMDi Vest ansvaret for å styrke den lokale forankringa av handlingsplanen gjennom regional koordinator.

### Rapporterte saker

Minoritetsrådgivarar som er utplasserte på skulane, rapporterer talet på kontaktar frå elevar som melder om ekstrem kontroll, truslar/vald, frykt for tvangsekteskap med meir. Frå ordninga blei sett i gang i 2008 og fram til 2013 er det rapportert om 1 700 saker i heile landet.

I 2013 blei det meldt om 222 nye saker. Flest saker gjaldt ekstrem kontroll (36 prosent), trugslar/vald (35 prosent) og frykt for tvangsekteskap (13 prosent). 4 prosent av sakene gjaldt gjennomført tvangsekteskap.

Talet på rapporterte saker i 2013 er monaleg redusert samanlikna med 2012, då det vart rapportert om 390 saker. Nedgangen viser seg særleg i kategoriane frykt for tvangsekteskap og ekstrem kontroll. Talet på saker som gjeld vald og trugslar, ligg på same nivå som tidlegare år.

### Fylkesfordeling av rapporterte saker

Den fylkesvise fordelinga av saker vart kartlagt første gong i 2013. Dei fleste sakene har utspring i austlandsområdet. Dette fell saman med delen av innvandrarbefolkninga busett i desse områda, samt fordelinga av minoritetsrådgivarar (dei fleste arbeider i austlandsområdet).

Fordeling av saker i region Vest:

| Fylke | Minoritets-rådgivarar | | Integrerings-rådgivarar | | Kompetanse-teamet | | Regionale-koordinatorar | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Rogaland** | 10 | 4,5% | 7 | 5,6% | 19 | 5,1% | 1 | 3,7% |
| **Hordaland** | 42 | 19% | 8 | 6,4% | 21 | 5,6% | 3 | 11,1% |
| **Sogn og Fj.** | 0 | 0% | 0 | 0% | 2 | 0,5% | 0 | 0% |
| **Heile landet** | **222** | **100%** | **124** | **100%** | **372** | **100%** | **27** | **100%** |

## 7. Frivillig innsats

For å bidra til betre integrering av personar med minoritetsbakgrunn, har IMDi inngått samarbeidsavtaler med seks landsdekkande frivillige organisasjonar. Avtalene skal bidra til integrering av minoritetsbefolkninga gjennom å informere om lokale aktivitetar, om frivillig sektor, fremje sosialt fellesskap og bidra til å utvikle demokratisk kompetanse og deltaking.

Lokallaga sitt samarbeid med kommunale aktørar er ein svært viktig faktor for å gjennomføre og oppretthalde tiltaka, ikkje minst når det gjeld kontakten mellom dei frivillige og målgruppa.

| **IMDi har samarbeidsavtalar med følgjande organisasjonar:** | **Lokalisering** |
|---|---|
| Frivillighet Norge | Aktivitetar i heile landet. |
| Norges Fotballforbund | Aktivitetar i heile landet. Eiga satsing i Groruddalen. |
| Norsk Folkehjelp | Aktivitetar i heile landet. |
| Norske Kvinners Sanitetsforening | Aktivitetar i heile landet |
| Redd Barna | Aktivitetar i heile landet. |
| Norges Røde Kors | Aktivitetar i heile landet. |

Meir informasjon finst på www.imdi.no/frivillighet/

## Tilskot til frivillig arbeid i lokalsamfunn i region Vest

I statsbudsjettet vert det årleg avsett om lag 15,8 millionar kroner til tilskot til frivillig arbeid i lokalsamfunn. Fordelingsramma for tilskot til fylkeskommunane vert rekna ut frå fylket sin del av innvandrarbefolkninga i landet. Målet med tilskotsordninga er å bidra til å styrke innvandrarbefolkninga si deltaking i organisasjonslivet lokalt og å auke tilgjenge til sosiale nettverk for innvandrarar.

Tilskotsordninga er todelt, med ein del som går til driftsstøtte til lokale innvandrarorganisasjonar, og ein del som går til aktivitetsstøtte til lokal frivillig innsats. I den lokale frivillige innsatsen samarbeider ofte innvandrarorganisasjonar, andre frivillige organisasjonar og ulike kommunale instansar.

I 2013 vart det tildelt 520 750 kr i driftstøtte til 51 organisasjonar i region Vest. Tilskota fordelte seg slik:

| Driftsstøtte | Søknader | Tilskot | Søknadssum | Sum tilskot |
|---|---|---|---|---|
| **Rogaland** | 28 | 25 | 342 400 kr | 216 750 kr |
| **Hordaland** | 31 | 22 | 503 000 kr | 297 000 kr |
| **Sogn og Fjordane** | 4 | 4 | - | 30 000 kr |

Det vart gitt aktivitetsstøtte til ulike aktivitetar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i regi av organisasjonar og andre lokale aktørar. Tilskota fordelte seg slik:

| Aktivitetsstøtte | Søknader | Tilskot | Sum tilskot |
|---|---|---|---|
| **Rogaland** | 31 | 12 | 135 089 kr |
| **Hordaland** | 29 | 22 | 333 000kr |
| **Sogn og Fjordane** | 2 | 0 | - |

## Tilskot til informasjon og rettleiingstiltak retta mot innvandrarar i 2013

Over tilskotsordninga kan frivillige organisasjonar søke støtte til informasjonstiltak som er tilpassa innvandrarane sitt behov, og rettleiing for å styrke deltakinga i lokalsamfunnet. Målgruppa inkluderer arbeidsinnvandrarar og personar som er komne til Noreg gjennom familiesameining. Tiltak retta mot nyankomne er prioritert.

Oversikta nedanfor syner prosjekta i Hordaland som har fått meir enn kr 50 000 i tilskot:

| Organisasjon | Prosjekttittel | Mål med prosjektet | Stad |
|---|---|---|---|
| **DFIRH** | Internasjonal fotballturnering på Møhlenpris | Hovudmålsetjinga for DFIRH er å ivareta interessene til dei ulike innvandrar-gruppene, med særleg fokus på politikk, økonomi, rettigheiter, utdanning og arbeid, og kultur. | Bergen |
| **Fylkeskommune, Bergen kommune, Norsk Kulturråd** | "Du Verden"- et aktivt fleirkulturelt miljø | Målet er å skape eit fleirkulturelt miljø med litteratur i fokus. | Bergen |
| **Stiftinga Fargespel** | Fargefest | Å trekke nye publikumsgrupper enn dei som vanlegvis er dominerande i Grieghallen, og å gjere kulturbesøket til ei sosial hending. | Bergen |

Oversikta nedanfor syner prosjekta i Rogaland som har fått meir enn kr 50 000 i tilskot:

| Organisasjon | Prosjekttittel | Samarbeidspartnarar | Stad |
|---|---|---|---|
|  **Hjelmeland kommune** | Inkluderande felles arrangement i Hjelmeland | Ulike frivillige organisasjonar, lag og råd, samt Ryfylkemuseet | Hjelmeland |
|  **Klepp kommune** | Verdenslandsbyen Klepp 2013 | Ei rekke offentlege instansar og privat næringsliv, religiøse og kulturelle institusjonar | Klepp |
|  **Pinsemenigheten i Salem i Sauda** | Internasjonal vennskapssamling for flyktningar og fastbuande | Ulike lokale og regionale aktørar | Sauda |

# 8. Statsborgarskapsseremoniar

Fylkesmennene er ansvarlege for gjennomføringa av statsborgarskaps-seremoniane. I 2013 vart det halde fem statsborgarskapsseremoniar i region Vest. Rogaland og Hordaland heldt to seremoniar kvar, medan Sogn og Fjordane heldt ein seremoni. Rogaland held sine statsborgarskapsseremoniar i Statens Hus i Stavanger. I Hordaland vert Håkonshallen nytta til statsborgarskaps-seremoniane, medan seremoniane i Sogn og Fjordane ambulerer mellom ulike stader i fylket.

Tabellen gir oversikt over talet på inviterte, påmeldte og oppmøtte deltakarar til alle statsborgarskapsseremoniane som vart gjennomført i region Vest i 2013:

| Fylke | Inviterte | Påmeldte | Oppmøtte deltakarar |
|---|---|---|---|
| Rogaland | 526 | 216 | 194 |
| Hordaland | 532 | 151 | 151 |
| Sogn og Fjordane | 99 | 19 | 17 |

I alt blei 1 157 nye statsborgarar inviterte til statsborgarskapsseremoniane. Av desse deltok 386 personar.